



Vestfold og Telemark  
FYLKESKOMMUNE

# Temadokument

Tradisjonskultur i Vestfold og Telemark



# Forord

Vestfold og Telemark fylkeskommunes kulturstrategi «Vestfold og Telemark – der mennesker møtes. Kulturstrategi 2021–2024» ble vedtatt av fylkestinget 19. mai 2021. Det er en ambisiøs strategi.

Innenfor seks hovedtemaer – stedsutvikling, inkludering, kunnskap, arenaer, aktivitet og internasjonalisering – er det formulert mål og tiltak som skal bidra til å videreutvikle Vestfold og Telemark som kulturfylke, og sørge for at både innbyggere og besøkende har mulighet til å skape, vise fram og oppleve kultur av høy kvalitet.

Fylkeskommunen er avhengig av et godt samarbeid med kulturaktørene i regionen for å realisere kulturstrategien. Våre prioriterte samarbeidspartnere er presentert i temadokumenter som hører til strategien. Temadokumentene beskriver virkemidler og utdyper hvordan vi i fellesskap jobber på utvalgte kulturområder. Temadokumentet om tradisjonskultur er et viktig bidrag til fylkets kulturplattform.

Sammen skal vi sørge for at Vestfold og Telemark er et kulturfylke med stor «K»!

Maja Foss Five

Leder av hovedutvalg for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett



# Innhold

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>4</b>
1.1. Bakgrunn og forankring .....	4
1.2. Tradisjonskultur i Vestfold og Telemark.....	5
<b>2. Mål og tiltak .....</b>	<b>8</b>
<b>3. Etablerte samarbeidsaktører.....</b>	<b>10</b>
3.1. Vestfold og Telemark kulturnettverk .....	11
3.2. Sørnorsk folkemusikksenter .....	11
3.3. Telemark folkemusikklag.....	11
3.4. Telemarkfestivalen .....	12
3.5. Norges Husflidslag .....	12
3.6. Vestfold Husflidslag .....	13
3.7. Telemark Husflidslag .....	13
3.8. Vikingar i Vestfold og Telemark.....	14
<b>4. Verkemiddel .....</b>	<b>14</b>
<b>5. Ansvars- og oppgåvefordeling .....</b>	<b>15</b>
5.1. Fylkeskommunens ansvar .....	16
5.2. Avtaler med samarbeidspartar.....	18
<b>6. Litteraturliste.....</b>	<b>19</b>

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn og forankring

«Vestfold og Telemark – der menneske møtest. Kulturstrategi 2021-2024» blei vedtatt av fylkestinget i 2021. Fylkeskommunen er avhengig av eit godt samarbeid med kulturaktørar både i og utanfor fylket for å gjennomføre tiltaka og nå måla i kulturstrategien. Dette temadokumentet omtaler aktørar i Vestfold og Telemark som samla sett dannar ein grunnmur i kunnskapen om, forvaltning av og formidling av tradisjonskultur i fylket. Både lokale, regionale og nasjonale aktørar, profesjonelle og frivillige, offentlege og private institusjonar, som samla sett bidrar til å utøve, formidle, lære bort, bevare og vidareutvikle fylkets tradisjonskultur og immaterielle kulturarv.

*Tradisjonskultur* kan seiast å vera det overbyggjande omgrepet for ein handlingsboren kunnskap som er formidla ved hjelp av munnleg overlevering gjennom fleire ledd og generasjonar. Denne måten å vidareføre kunnskap på, kan kallast *tradering*.

Tradisjonskultur er kjenneteikna ved at det finst kollektiv eigarskap til tradisjonsmaterialet. Det er mindre fokus på skaparrolla og verket, meir på ein kollektiv skapande kraft der fleire bidrar, noko som resulterer i variasjonsrikdom i uttrykket. Gruppene som identifiserer seg med kulturen har også ei kontrollerande rolle, dei avgjer kva som er innafor rammene av tradisjonen og blir vidareført. Dette gjeld for så vel til dømes musikk og dans som for tradisjonelle handverk. Kunnskapen sit i kroppen til utøvaren og har ikkje vore verbalisert, og han kallast derfor gjerne "den tause kunnskapen".

Noreg har ratifisert UNESCOs konvensjon om vern av immateriell kulturarv. Med *immateriell kulturarv* meiner ein kunnskap og ferdigheiter knytt til praksis, framstilling og uttrykk som grupper godkjenner som ein del av sin kulturarv, og gjenstandar som høyrer til dette. Denne immaterielle kulturarven, som er overført frå generasjon til generasjon, blir stadig gjenskapt av gruppa han høyrer til, i samspel med natur og historie, og gir ei kjensle av identitet og kontinuitet. (St.prp. nr. 73, art. 2). At Noreg har slutta seg til konvensjonen, gir oss eit ansvar for å sikre at kulturarven er levedyktig, noko som inneber blant anna kartlegging, dokumentasjon, vern, styrking, opplæring og gjenoppliving.

Kulturmeldinga «Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida» peikar på at «det er ei viktig oppgåve å verne om den mangfaldige kulturarven vår, vekkje interesse for og formidle kunnskap om kulturarven blant folk og gjere han tilgjengeleg for framtidige generasjonar. Både immateriell og materiell kulturarv er kjelde til identitet og kunnskap med forankring i historia og utgjer mykje av grunnlaget for samfunnsutviklinga.» (Meld. St. 8 (2018–2019), pkt. 5.4)

## 1.2. Tradisjonskultur i Vestfold og Telemark


Vestfold og Telemark har eit ansvar for å ta vare på og styrke den varierte kulturarven vi har i våre område. I fylket vårt er vi så heldige å ha kulturområde frå fjell til kyst med sterke uttrykk og tradisjonar på fleire felt.

Telemark er kjent for sine folkemusikk- og folkedanstradisjonar – men slike tradisjonar finst også i Vestfold. Song, spel og dans har hatt sin naturlege plass i det sosiale livet og sine klare funksjonar i kvardag og fest. Ein del av dette er utvikla gjennom generasjonar til uttrykk på eit høgt kunstnarleg nivå, og tradisjonen er framleis vital og levande. Her utmerkar Noreg seg generelt, samanlikna med andre vestlege, industrialiserte land, og Telemark utmerkar seg igjen i nasjonal samanheng.

Tradisjonelt har folkemusikken alt vesentleg vore solistisk. Å bruke stemma til musikalske uttrykk har folk gjort til alle tider, og songtradisjonen i delar av fylket vårt har røtter tilbake til mellomalderen. Ingen stad i landet er det samla fleire mellomalderballadar enn i Vest-Telemark. Det finst også rike tradisjonar for andre vokalsjangrar som stev, bånsullar og bygdeviser. På instrumentalsida finst det speltradisjonar på ymse instrument som langleik, fløyte og munnharpe, men i Telemark står hardingfela i ei særstilling. Slåttetradisjonen blei utvikla spesielt gjennom 1800-talet, parallelt med utviklinga av felemakartradisjonane. Legendariske spelemenn som Myllarguten, Gibøen og Fykerud utvikla spelet til ei kunstform som framleis blir dyrka og vidareutvikla av yngre utøvarar i dag. I nedre delar av Telemark og i Vestfold finst det speltradisjon på vanleg fele, som har slektskap med spelet i kystnære strok utanfor fylkesgrensa.

Dansen er nær knytt til spelet – slåttspelet var først og fremst bruksmusikk som blei bruka til dans i samband med gjestebod og andre stader der folk møttest. Gangar, springar og halling er dansane som blir bruka til det eldre slåttspelet. Dette er musikk og dans som er ulik frå landsdel til landsdel, og springaren i våre distrikt har asymmetrisk takt som skil seg frå andre tradisjonsområde.

I tilknytning til musikken finn vi ofte også ymse folkedikting og forteljarkunst. Mange visetekster, rim, regler, eventyr og segner er oppskrivne i vårt fylke, og det finst også eit rikt sogemateriale knytt til spel og dans.




Husflid- og handverkstradisjonane i Vestfold og Telemark er mange og varierte. Dei omfattar alt av tradisjonelle kvinne- og mannshandverk i tekstil, tre, metall og stein. Handverk har vore knytt til både yrkesutøving og heimlege sysler, og mange har lagt si ære i å levere produkt av høg kvalitet, med omsyn til både funksjon og form. I fylket har meistring av ulike teknikkar vore heilt avgjerande for overleving, heilt sidan folk busatte seg i regionen for fleire tusen år sidan. Mange av dei praktiserande og raudlista teknikkane vi ser i fylket i dag har vore ubrutte sidan vikingtid og mellomalder. Det er såleis grunn til å seie at fylket vårt står i ei nasjonal særstilling når det gjeld tradisjonshandverk. I Vestfold har kystkulturen stått sterkt. Ein har blant anna bunde reip av bast, bunde fiskegarn, ein har vevd og sydd segl og bygd båtar i tre. Vest-Telemark er blant anna kjent for sine rike smietradisjonar i århundreskiftet mellom 1800- og 1900-talet. Tekstilarbeid, drakt, draktsølv, trearbeid, møbelkonstruksjon og teknikkar som broderi, telebinding, veving, filigran, stamping, treskurd, sveiping, lagging, måling og dreining er døme på tradisjonar som har ein heilt særeigen karakter i Telemark, men som også stort sett har vore tilgjengeleg kunnskap i liknande former over heile fylket. Uavhengig av særeigenskapar, har allmennkompetanse på ulike handverksområde vore langt sterkare enn i dag. Det er kritisk naudsynt å ta vare på store delar av denne kunnskapen, mange teknikkar er raudlista og står i fare for å bli gløymt, dersom det ikkje leggst til rette for formidling og læring. Det har aldri vore mindre tilgjengeleg å lære handverksteknikkar enn kva det er i dag, og kanskje nettopp derfor er det viktig at me tek overføring av handverksferdigheiter på største alvor.

Ein stor del av befolkninga har tradisjonelt vore bønder, men også andre yrke har lange tradisjonar i våre område. I kystnære strøk har fiske og sjøfart hatt ein viktig plass, og vi har også ein industriarv med verdsarvstatus. Mykje av kulturarven er knytt til det daglege livet med jordbruk, skogbruk, hagebruk, husdyrhald, seterstell, fangst og fiske, og gjennom dette også produksjon, tillaging og konservering av mat. Matstellet har vore prega av dei råvarene som var tilgjengelege, og vi kan finne både felles tradisjonar for store delar av landet og lokale spesialitetar.

Vestfold og Telemarks typiske tradisjonsmat er produkt av geologi, klima, landskap og geografi. Dei store variasjonane i landskapet frå Skagerak til Hardangervidda har skapt varierte mattradisjonar. Fjell og dalar kunne i eldre tider føre til avgrensa kontakt bygder imellom, slik at mange særegne tradisjonar blei spesielt godt bevart i dei indre bygdene. Framleis er mange av desse tradisjonane i god hevd og blir styrka av lokale og regionale aktørar.

Den gode veldrenerte matjorda langs raet og det milde klimaet ved Oslofjorden skapar gode forhold for dyrking av korn, poteter, grønsaker, frukt, bær og urter. Ein stor del av grøntproduksjonen i Noreg høyrer til her. Som i mykje annan kulturarv ber mattradisjonane òg preg av at folk har vore opne for nye impulsar. Sjøfarten har bringa med seg planter, eksotisk krydder og nye skikkar og tradisjonar. Det er prosessar som har funne stad i tusenar av år. Mange innflyttarar frå inn- og utland har også tatt med seg mattradisjonar frå heimstadane sine.



Vidare har vi også tradisjonar knytt til årshøgtider, samværsformer, språk, tru og religion. Alt dette er viktige delar av historia vår – det er vår tradisjonskultur, som bind oss saman historisk og som dannar utgangspunktet for vår nåtidskultur. Tradisjonskulturen utgjer ein heilskap der dei ulike uttrykka er knytte saman og har utvikla seg i samspel med kvarandre. Vi har ansvar for å dokumentere tradisjonane og formidle dei til nye generasjonar.

Dette temadokumentet har fokus på dei områda innafor tradisjonskultur der fylkeskommunen i dag har eit definert ansvar og/eller eit etablert samarbeid med eksterne aktørar. Desse områda er også forankra i mål og tiltak i fylkeskommunens kulturstrategi. Enkelte område blir nærare omtalt i andre temadokument (fartøyvern, kystkultur, museum, arkiv, verdsarv, språk, vikingtid, musikk og frivillighet). Desse vil få mindre omtale her, sjølv om dei også har sin plass som ein del av tradisjonskulturen.

## 2. Mål og tiltak

«Vestfold og Telemark – der menneske møtest. Kulturstrategi 2021-2024» har målformuleringar og tiltak som bidrar til å styrke, utvikle og verne den immaterielle kulturarven innan alle strategiens seks hovudtema: stadsutvikling, inkludering, kunnskap, aktivitet, arena og internasjonalisering. Temadokumenta har som føremål å konkretisere og operasjonalisere mål og tiltak i kulturstrategien.

Ivaretaking og vidareutvikling av den immaterielle kulturarven er heilt avgjerande for ei berekraftig stadsutvikling. Alle målsetjingane for dette temaet i kulturstrategien gjeld omgrepet tradisjonskultur, og famnar tiltak som fremjar lokal identitet for både enkeltindivid og kulturaktørar.

Kulturstrategien har fokus på at kulturlivet skal fremje inkludering, både gjennom mangfald av uttrykk, aktivitetar og deltaking. Tradisjonskultur og den immaterielle kulturarven er viktige verdiar og gode verktøy for å nå desse måla.

Kunnskap er eit av dei viktigaste temaa i kulturstrategien, som skal sørge for auka kunnskap gjennom nettverk, formidling og kunnskapsdeling. Spesifikt skal fylkeskommunen bidra til å verne og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk.

Tema aktivitet skal bidra til deltaking og utøving, og heng tett saman med mål og tiltak innan temaet inkludering. Eksempelvis skal fylkeskommunen bidra til rekruttering innanfor ulike tradisjonsuttrykk. Det er eit mål i kulturstrategien at kulturfrivilligheita har føreseielege rammer.

Fysiske arenaer for å oppleve og utøve kulturaktivitet skal vere tilgjengeleg for alle. Tiltaka innan temaet arena skal sørge for utvikling av ein berekraftig infrastruktur på kulturområdet, både fysisk og digitalt. Dette er viktige føresetnader for utøving, opplæring og bevaring av den immaterielle kulturarven.

Deltaking i internasjonale nettverk, prosjekt og samarbeid gir kulturaktørane i regionen auka moglegheiter til internasjonal kulturutveksling.

Fleire av tiltaka i Kulturstrategien gjeld òg tradisjonskultur knytt til matproduksjon og måltid, men ingen tiltak er retta direkte mot dette. Matkultur er ein svært viktig del av den immaterielle kulturarven vår, for reiselivet og folk flest. Det bør vurderast om sektor for kultur, regional identitet, idrett og folkehelse og sektor for næring, innovasjon og kompetanse kan finne samarbeidsmåtar slik at førstnemnte sektor kan bidra meir i verksemda retta mot matkultur og matproduksjon. Det blir i dag jobba med å utvikle «matregion Vestfold og Telemark». Matkultur vil i ulike former høyre til under ein slik paraply.



**Relevante tiltak frå kulturstrategien som omhandlar tradisjonskultur:**

Tema i strategien	Tiltak
Stedsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Framheve regionale kulturarrangement og talentmiljø som identitetsmarkørar</li> <li>• Vidareutvikle attraksjonar langs kysten, Telemarkskanalen og andre prioriterte vassvegar, med vekt på friluftsliv, kanallandskap, kystkultur, kunst, industriarv, vikingtid og mellomalder</li> <li>• Arbeide for å utvide prøveprosjektet med bygningsvernsatsing i Vest-Telemark til ein by langs kysten og gjere ordninga permanent, med base i Vest-Telemark Museum</li> <li>• Løfte kunst og kreative næringar i arbeidet med næringsklyngjer</li> <li>• Bruke Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken til å leggje til rette for formidling av kunst og kulturprosjekt som er sentrale for lokal identitet og lokale satsingsområde</li> </ul>
Inkludering	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrkje eigarskapet til kulturarven ved å ha eit fleirkulturelt perspektiv i formidlinga</li> <li>• Stimulere frivillige organisasjonar til aktivitet som bidreg til inkludering</li> </ul>
Kunnskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere, drifte og/eller delta i nettverk saman med kommunar og andre aktørar</li> <li>• Medverke til å ta vare på og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk</li> <li>• Vere pådrivar for å samordne og styrkje arbeidet med å bevare, tilgjengeleggjere og formidle privatarkiv i fylket</li> </ul>
Aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medverke til at unge talent får vist seg på fleire arenaer og blir brukte aktivt i oppdragsverksemd</li> <li>• Vere pådrivar for talentutvikling innan alle idrettsgreiner, friluftslivsgreiner og kulturuttrykk</li> <li>• Medverke til rekruttering innanfor ulike tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk, i samarbeid med relevante aktørar</li> <li>• Styrkje regionale kompetansesenter og kulturaktørar som talentutviklarar og visningsarenaer</li> <li>• Bidra til å utvikle kulturskulane sine program for fordjuping (talentutvikling) i samarbeid med relevante aktørar</li> </ul>
Arena	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delta i planlegging av nybygg og i rehabilitering av kultur- og undervisningsbygg for å gjere dei til gode arenaer for kultur som også oppfyller behova til frivillig sektor</li> <li>• Utvikle gode arenaer for opplæring, kunnskapsdeling og erfaringsdeling for kulturfrivilligheita</li> <li>• Etablere og utvikle eit regionalt nettverk for arrangørar i samarbeid med relevante aktørar</li> </ul>
Internasjonalisering	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fremje tradisjonshandverk og tradisjonsmateriale overfor vidaregåande opplæring og fagskular gjennom internasjonalt samarbeid</li> <li>• Vidareutvikle samarbeidet med Midtvesten (USA), Hubei-provinsen (Kina) og Kaunas (Litauen) for å fremje kulturutveksling</li> </ul>

### 3. Etablerte samarbeidsaktører

Vestfold og Telemark fylke har eit mangfald av aktører og miljø som med verksemda si fell inn under omgrepet tradisjonskultur. Dette er lokale, regionale og nasjonale aktører, både profesjonelle og frivillige, som samla sett bidrar til å utøve, formidle, lære bort, bevare og vidareutvikle tradisjonskulturen og den immaterielle kulturarven i fylket. Desse aktørane representerer eit mangfald av miljø: ·

- regionale kompetansesenter/miljø
- profesjonelle utøvarar/miljø
- amatørutøvarar/-miljø
- frivillige organisasjonar
- fagkonsulentar
- offentlege aktører
- museum

Det er miljøa innafor folkemusikk og folkedans og handverk som er sterkast organisert. Folkemusikk og folkedans har særleg stått sterkt i Telemark. Vestfold har også fleire lokale folkemusikklag og leikarringar, men ikkje noko regionlag som samlar desse. Vestfoldmuseene og Stokke bygdetun er eksempel på arenaer for folkemusikkformidling. Det finst også aktive folkemusikkutøvarar i Vestfold, nokre av desse har nyleg gått saman i *Lyden av Vestfold*, som er eit regionlag under Norsk kvedarforum. Handverkstradisjonane blir særleg ivaretatt av husflidslaga, som er nærare omtalt nedanfor.

Når det gjeld mattradisjonar er fylkeskommunen samarbeidspartnar til fleire næringsarenaer som til dømes Dyrsku'n i Seljord, Skjærgårdsmat i Vestfold, Mersmak i Skien og Norsk eplefest i Gvarv. Desse formidlar også mange verdifulle tradisjonar. Meir berekraftige samfunn er avhengig av endringar i lokal ressursutnytting i heile Noreg, overalt der lokal mat blir dyrka, produsert og ete.

Bygdekvinnelaga blei etablert på 1900-talet. Dei er svært viktige formidlarar og bevararar av norske mattradisjonar og matglede på bygdene ofte tilknytt lokale bygdetun. Telemark Bygdekvinnelag har omlag 600 medlemmer i 18 lokallag. Vestfold Bygdekvinnelag har om lag 800 medlemmer i 24 lokallag. I tillegg til marknads- og næringsarenaene som fylkeskommunen samhandlar med, er bygdekvinnelaga aktuelle samarbeidspartnarar.

Nokre av aktørane i fylket er blant fylkeskommunen sine etablerte samarbeidspartnarar. Enkelte av dei blir nærare omtalt i andre temadokument har fått mindre plass her.

### 3.1. Vestfold og Telemark kulturnettverk

Vestfold og Telemark kulturnettverk (VTKN) er ein interesseorganisasjon og ein regional møteplass for kulturaktørane i fylket. VTKN omfattar både offentlege institusjonar, frivillige organisasjonar, regionale lag, amatørar og profesjonelle miljø. VTKN skal vere eit kompetanse-, samarbeids- og serviceorgan for kulturlivet i Vestfold og Telemark. Organisasjonen har driftsansvar for Folkemusikkarkivet i Telemark på vegne av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har rammeavtale med VTKN som inkluderer drift av Folkemusikkarkivet i Telemark. Arkivar i 100% stilling er tilsett av fylkeskommunen.

### 3.2. Sørnorsk folkemusikksenter

Senteret blei etablert i 2015 og er ein samarbeidsorganisasjon for folkemusikk og folkedans i Vestfold, Telemark og Agder. I 2019 endra senteret namn til *Sørnorsk folkemusikksenter - Regionalt kompetansesenter for folkemusikk og -dans*. Fleire av dei andre aktørane som er omtalt, deltar i senteret. Det har heile folkemusikkfeltet som arbeidsområde og rettar seg både mot den frivillige og den profesjonelle sektoren. Dei viktigaste tiltaka til nå har vore formidling av konsertturnear i regionen og fordjupingskurs i folkemusikk og folkedans for ungdom i samarbeid med Midt-Telemark kulturskole.


Kulturskolen i Midt-Telemark koordinerer eit interkommunalt fordjupingskurs i folkemusikk og folkedans for unge over 13 år frå heile fylket. Kurset har i dag deltakarar frå sju kommunar, og undervisninga går føre på helgetid med tre-fire samlingar i semesteret. Kulturskolen samarbeider med Sørnorsk folkemusikksenter om dette tilbodet.

Fylkeskommunen bidrar med drifts- og aktivitetstilskot til Sørnorsk folkemusikksenter. Fylkeskommunen bidrar med tilskot til *Folkemusikk fordjuping*, som en del av drifts- og aktivitetstilskotet til Sørnorsk folkemusikksenter.

### 3.3. Telemark folkemusikklag

Telemark folkemusikklag er områdelag for Telemark tilslutta FolkOrg. Laget er regionledd for 16 lokale folkemusikklag med om lag 450 medlemmer. Rekrutteringsarbeid er blant dei viktigaste oppgåvene. Laget står bak Ungfolk som er eit kursopplegg gjennom året med sommarkurs og haustvårkurs retta mot barn og unge. Haust- og vårkursa ambulerer og blir arrangert i samarbeid med lokallaga. Det same gjeld fylkeskappleiken, som blir halde kvart år. Denne og andre kappleikar er tradisjonelt dei viktigaste møtestadane for folkemusikkmiljøet.

Fylkeskommunen bidrar med tilskot til den årlege kursrekka for barn og unge – Ungfolk.



### 3.4. Telemarkfestivalen

Telemarkfestivalen er ein internasjonal folkemusikkfestival i Bø som starta opp i 1990. Festivalen blir halde på seinsommaren kvart år, med om lag 5000 besøkande. Den presenterer folkemusikk i både tradisjonell og meir nyskapande form. Det blir lagt vekt på å gi rom for det akustiske, tradisjonelle uttrykket og å legge til rette for gode møte mellom utøvarar og mellom tradisjonsuttrykk.

Fylkeskommunen bidrar med festivalstøtte til Telemarksfestivalen.

### 3.5. Norges Husflidslag

Norges Husflidslag er ein kultur- og interesseorganisasjon som er ein leiande aktør innan kulturvern, handlingsboren kunnskap og næringshusflid. Norges Husflidslag sine 23 000 medlemmer er fordelt på 19 fylkeslag, 365 lokallag, 36 husflidsbutikkar og 165 profesjonelle husflidshandverkarar. Kjerna i aktiviteten til organisasjonen er ca. 63 000 kurstimar gjennom året, i eit breitt spekter av tradisjonshandverk som: bunadtilverking, tredreiing, smiing, veving med meir. Dei fleste kursa skjer i regi av lokallaga.

Den fremste styrken til organisasjonen er kunnskapen som ligg i hendene til medlemmene deira. Dette, kombinert med eit fagapparat av husflidskonsulentar over heile landet, gjer at dei sidan 1910 har halde husflidskunnskap i hevd. På grunn av denne ekspertisen vart Norges Husflidslag i 2014 UNESCO-akkreditert innan konvensjonen om vern av immateriell kulturarv, og samarbeider med Norsk kulturråd, norske og nordiske akkrediterte Ikkje-statlege organisasjonar, og andre kulturorganisasjonar om oppfylging av UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven.

Husflidskonsulentane arbeider etter Norges Husflidslags strategiske plan kor følgjande kjerneverdier blir vektlagd: skaperglede, kvalitet, tradisjon og nytenking,, holdbart handverk og inkluderende

fellesskap. Hovedmålet til organisasjonen er å vere ein synleg og fagleg sterk frivillig organisasjon som spelar ei viktig rolle for å ivareta og utvikle kulturarv, kulturliv og lokalmiljø. Norges Husflidslag har via husflidskonsulentane eit mangeårig samarbeid med alle fylkeskommunane i landet. Stillingane som fagkonsulent blir finansierte over statsbudsjettet og gjennom fylkeskommunale midlar. Per i dag har regionen vår ein Husflidskonsulent for Vestfold og ein for Telemark. Vestfold og Telemark har 18 lokallag og om lag 1900 medlemmer. Vi har fem husflidbutikkar og 17 husflidhandverkarar. Vestfold og Telemark har eigne fylkeslag som er med på å fylgje opp og hjelpe dei ulike husflidslaga.

Fylkeskommunen bidrar med tilskot til delfinansiering av husflidskonsulentane.

### **3.6. Vestfold Husflidslag**

Organisasjonen har om lag 1200 medlemmer fordelt på 8 lokallag og arbeider for å fremje god norsk husflid kulturelt, sosialt og økonomisk. Vestfold Husflidslag er bindeledd mellom lokallaga og Noregs Husflidslag og har som viktigaste oppgåve å vareta interessene og behova til lokallaga og medlemmene. Laget ønskjer å spreie kunnskap om gamle handverkstradisjonar, og gjere nye handverksteknikkar kjent gjennom kursa sine. Vestfold Husflidslag er godkjent lærlingbedrift i bunadtilverkarfaget av Utdanningsdirektoratet, som òg har bidratt med prosjektmidlar.

Fylkeskommunen bidrar med årleg støtte til drift og utvikling av aktiviteten til fylkeslaget, forankra i ei fleirårig avtale. Vestfold og Telemark Husflidslag er ikkje samorganisert, men samarbeider om enkelte felles samlingar, kurs og så vidare.

### **3.7. Telemark Husflidslag**

Organisasjonen har 740 medlemmer fordelt på 10 lokallag, og er eit bindeledd mellom lokallaga og Noregs Husflidslag. Fylkeslaget arrangerer to samlingar i året, til dømes kurs i ulike teknikkar med fokus på ull og raudlistearbeid. Kursa er opne for alle. I tillegg tar fylkeslaget ansvar for organisasjonsopplæring for lokallaga i fylket. Laget deltar på Dyrsku'n i Seljord med demonstrasjonar og aktivitetar for barn i samarbeid med Noregs Husflidslag.

Fylkeskommunen bidrar med årleg støtte til drift og utvikling av aktiviteten til fylkeslaget, forankra i ei fleirårig avtale. Vestfold og Telemark Husflidslag er ikkje samorganisert, men samarbeider om enkelte felles samlingar, kurs osv.

### 3.8. Vikingar i Vestfold og Telemark

Paraplyorganisasjonen Vikingar i Vestfold og Telemark organiserer dei aller fleste frivillige lag og foreiningar som driv med vikingrelaterte aktivitetar i fylket. Vikingar i Vestfold og Telemark vart danna i 2018. Organisasjonen består av 16 lag og tel omlag 1300 medlemmer til saman. To lag (eit frå Skien og eit frå Midt-Telemark) har nyleg søkt om opptak. Organisasjonen har som formål å:

- jobbe for auka samarbeid mellom medlemsforeiningane
- jobbe for kompetanseheving innanfor organisasjonsarbeid og foreiningsdrift
- leggje til rette for at det kan dannast interessegrupper på tvers av medlemsforeiningane
- leggje til rette for felles kursverksemd for medlemsforeiningane
- leggje til rette for ei felles organisert formidlingsverksemd retta mot turisme og næringsliv
- leggje til rette for felles prosjekt knytt til kunnskapsinnhenting eller formidling av tema frå vikingtid
- drive lobbyverksemd overfor kommune, fylke, region og stat i saker av felles interesse

Nokre av laga i organisasjonen har hatt vekst trass i koronasituasjonen. Inkludering, sosiale møteplassar og handverk er sentrale tema og tala viser ei variert samansetting av dei frivillige. Av dei ca. 1300 medlemmene er 20 % under 26 år, det finst eigne grupper for pensjonistar, folk frå fleire nasjonar deltar i laga og kjønnsfordelinga er no 51 % kvinner og 49 % menn. Fylkeskommunen bidrar med økonomiske Etablerte samarbeidsaktørar 14 Temadokument midlar til kurs og kompetanseheving, lagar og andre aktivitetar som er med på å styrkje samarbeidet mellom og forholda til vikinglaga i fylket.

Fylkeskommunen er samarbeidspartnar og tilskotssytar til Vikinger i Vestfold og Telemark.

## 4. Verkemiddel

Vestfold og Telemark fylkeskommune disponerer desse verkemidla innanfor fagområdet tradisjonskultur:

- tilskot til frivillige lag/organisasjonar
- tilskot til Kunstproduksjon, festivalstøtte
- rammeavtaler, samarbeidsavtaler, partnerskapsavtaler
- kompetanse
- nettverk
- personalressursar
- eigne strategiar
- folkemusikkarkivet i Telemark

## 5. Ansvars- og oppgåvefordeling

Folkemusikkarkivet i Telemark blei etablert av Telemark fylkeskommune i 1999. Det blir drive med driftstilskot frå fleir av kommunane i Telemark. Ansvar for drifta er lagt til Vestfold og Telemark kulturnettverk, og arkivet er samlokalisert med denne organisasjonen i Bø. Det blir drive innsamling og formidling av tradisjonsmusikk og –dans i Telemark. Arkivet tar imot materiale, driv eige dokumentasjonsarbeid og gjer det innsamla materialet tilgjengeleg for interesserte.

Fylkeskommunen er arbeidsgjevar for ein 100% stilling ved Folkemusikkarkivet i Telemark. Vestfold har ikkje eit eige folkemusikkarkiv. Det finst noko folkemusikkmateriale ved Vestfoldarkivet, men ingen stillingsressurs med eit særskild ansvar for forvaltning av dette materialet og vidare innsamling og formidling. Dei fleste fylke i landet har i dag sitt eige, regionale folkemusikkarkiv, og desse samarbeider gjennom eit landsdekkande nettverk. I forhold til dei etablerte samarbeidspartane i regionen innanfor tradisjonskultur, har fylkeskommunen verkemiddel som inngåing av rammeavtalar, samarbeidsavtalar og partnarskapsavtalar, tilby kompetanse og nettverksbygging, og dessutan eigne personalressursar. I Hurdalsplattforma har regjeringa varsla at dei vil «gå gjennom, forenkle og samordne regelverk og støtteordningar for frivilligheita og samle dei i ein felles søknadsportal». Fylkeskommunen bidrar med forenkling og samordning ved å inngå fleirårige avtalar med dei etablerte samarbeidspartnarane våre. I forhold til avtalar så skilst det på 3 ulike nivå, avhengig av aktiviteten og tilknyttinga aktøren har til spesifikke tiltak i kulturstrategien:

### Rammeavtale

Ei avtale som anerkjenner aktøren/eigenverdien til institusjonen i Kulturfylket Vestfold og Telemark, bidrar til mangfald og kvalitet i kulturlivet i fylket, og er forankra i kulturstrategiens overordna målsetjingar.

### Samarbeidsavtale

Ei avtale som strekkjer seg utover ei rammeavtale ved å spesifisere eitt, eller fleire mål og tiltak i kulturstrategien der aktøren/institusjonen kan samarbeide med fylkeskommunen for måloppnåing. Avtala blir følgd opp med årleg rapportering om spesifikk aktivitet og oppnåing.

### Partnarskapsavtale


Ei avtale der ein institusjon tar på seg eit definert oppdrag for fylkeskommunen om å oppnå utvalde mål og tiltak i kulturstrategien.

## 5.1. Fylkeskommunens ansvar

Ansvar	Type	Mål/tiltak i kulturstrategien
Økonomi/tilskot	Fleirårige rammeavtaler, samarbeidsavtaler og partnerskapsavtaler	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kulturfrivilligheita har føreseielege rammer</li> <li>• Framheve regionale kulturarrangement og talentmiljø som identitetsmarkørar</li> <li>• Stimulere frivillige organisasjonar til aktivitet som bidreg til inkludering</li> <li>• Styrkje regionale kompetansesenter og kulturaktørar som talentutviklarar og visningsarenaer</li> </ul>
Stipend	Husflid- og handverksstipend	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medverke til å ta vare på og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk</li> </ul>
Kompetanse/nettverk	Kompetansekalender	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere, drifte og/eller delta i nettverk saman med kommunar og andre aktørar</li> <li>• Vere pådrivar for talentutvikling innan alle idrettsgreiner, friluftsgreiner og kulturuttrykk</li> <li>• Bidra til å utvikle kulturskulane sine program for fordjuping (talentutvikling) i samarbeid med relevante aktørar</li> <li>• Utvikle gode arenaer for opplæring, kunnskapsdeling og erfaringsdeling for kulturfrivilligheita</li> <li>• Etablere og utvikle eit regionalt nettverk for arrangørar i samarbeid med relevante aktørar</li> <li>• Vidareutvikle samarbeidet med Midtvesten (USA), Hubei-provinsen (Kina) og Kaunas (Litauen) for å fremje kulturutveksling</li> </ul>
Eigne strategiar	Vikingtidsatsing i Vestfold og Telemark	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vestfold og Telemark fylkeskommune skal gi strategisk retning til arbeidet med vikingtidssatsing i fylket</li> <li>• Vestfold og Telemark fylkeskommune skal vera kunnskapsleverandør og kompetanseutviklar. Dette arbeidet vil særleg retta seg mot museum og frivilligheten.</li> <li>• Vestfold og Telemark fylkeskommune skal koordinera arbeidet med vikingtidssatsing i fylket. Innanfor gjeldande strategiperiode gjeld dette særleg arbeidet med Vikingveien og etablering av tjæreproduksjon. Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for å koordinera den offentlege, private og frivillige innsatsen.</li> </ul>



		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vestfold og Telemark fylkeskommune skal jobba for å etablera eit formalisert samarbeid mellom dei åtte hovudaktørane som har særleg relevans for utviklinga av Vikingveien.</li> <li>• Vestfold og Telemark fylkeskommune skal etabler og vidareutvikl infrastruktur langs Vikingveien (bygg, vegar, skilt med meir).</li> <li>• Vestfold og Telemark fylkeskommune skal finansiera vikingtidssatsinga og arbeida for å utløysa eksterne prosjektmiddel</li> </ul>
<p>Personalressursar</p>	<p>Folkemusikkarkivet i Telemark</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medverke til å ta vare på og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk</li> <li>• Være pådrivar for å samordne og styrkje arbeidet med å bevare, tilgjengeleggjere og formidle privatarkiv i fylket</li> </ul>



## 5.2. Avtaler med samarbeidspartar

Følgjande avtaler vert skrive fortløpande, med varigheit 2022-2024:

Samarbeidspartner	Avtale/tilskot	Mål/tiltak
Sørnorsk Folkemusikksenter	Rammeavtale Inkluderer driftstilskot til senteret, og aktivitetstilskot til <i>Folkemusikk fordjuping</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode føresetnader for talentutvikling og profesjonelt virke</li> <li>• Greie ut behovet for arkivering av folkemusikk i heile fylket</li> <li>• Medverke til å ta vare på og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk</li> <li>• Medverke til rekruttering innanfor ulike tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk, i samarbeid med relevante aktørar</li> </ul>
Telemark folkemusikklag	Rammeavtale Inkluderer tilskot til <i>UngFolk</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medverke til å ta vare på og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk o</li> <li>• Gode føresetnader for talentutvikling og profesjonelt virke</li> </ul>
Telemarkfestivalen	Fleirårig festivalstøtte	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Framheve regionale kulturarrangement og talentmiljø som identitetsmarkørar o</li> <li>• Medverke til å ta vare på og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk</li> <li>• Medverke til at unge talent får vist seg på fleire arenaer og blir brukte aktivt i oppdragsverksemd</li> </ul>
Norges Husflidslag	Rammeavtale	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medverke til å ta vare på og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk</li> <li>• Medverke til rekruttering innanfor ulike tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk, i samarbeid med relevante aktørar</li> </ul>
Vestfold Husflidslag	Rammeavtale	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medverke til å ta vare på og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk</li> <li>• Medverke til rekruttering innanfor ulike tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk, i samarbeid med relevante aktørar</li> </ul>

Telemark Husflidslag	Rammeavtale	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medverke til å ta vare på og utvikle kunnskap om tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk</li> <li>• Medverke til rekruttering innanfor ulike tradisjonsuttrykk, slik som folkemusikk, folkedans og tradisjonshandverk, i samarbeid med relevante aktørar</li> </ul>
Vikinger i Vestfold	Rammeavtale	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei prioriterte samarbeidspartnarane vil setja i verk og gjennomføra aktivitetar innanfor vikingtidssatsinga.</li> <li>• Dei prioriterte samarbeidspartnarane vil driva sal og marknadsføring av eiga verksemd o Dei prioriterte samarbeidspartnarane vil finansiera eiga drift, men samarbeida med fylkeskommunen om å utløysa eksterne prosjektmiddel.</li> <li>• Dei prioriterte samarbeidspartnarane vil gjennomføra kompetansehevende tiltak, t.d. tilby lærlingplassar, gjennomføra kurs og driva opplæring. o Frivillige lag og foreiningar vil jobba for auka rekruttering av nye medlemmer</li> </ul>

## 6. Litteraturliste

**Vestfold og Telemark – der menneske møtest. Kulturstrategi 2021 – 2024**

**Hurdalsplattforma 2021 – 2025**

**St.prp. nr. 73, art. 2** - Om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven

**Meld. St. 8 (2018–2019), pkt. 5.4** - Kulturens kraft — Kulturpolitikk for framtida

Illustrasjonar er henta frå Vestfold og Telemark – der menneske møtest Kulturstrategi 2021-2024

Izabela Zolcinska



**Vestfold og Telemark fylkeskommune**  
vtfk.no

**Postadresse:** Postboks 2844, 3702 Skien

**Besøksadresser:** Torggata 18, Skien / Svend Foynsgate 9, Tønsberg

**Kontakt:** 35 91 70 00 / post@vtfk.no

